

Fra: Stian Marøy <stian.maroy@austrheim.kommune.no>

Sendt: 26.04.2022 09:27:00

Til: oddny.margrethe.hauge.kleppe@helse-bergen.no

Kopi: emma.hjelmtveit@hotmail.com, weilifsen@gmail.com, oddnymhk@hotmail.no

Emne: SV: Nabovarsel Baløy båthamn

Hei

Austrheim kommune er i ein prosess med budsjettarbeid no, revidering skal skje i mai 2022. Det vil då verta drøfta midlar til bygging av naust på Baløy, men også til asfaltering og oppmerking av P-plassar i dette området. Det er kommunestyret som vedtek det endelege budsjettet. Det er ein uttalt politisk vilje og vedtak er på plass for å satsa på kysthytta i Rongevær, men også å opparbeida området på sjølve Baløy sånn at det mellom anna kjem på plass fleire parkeringsplassar.

Det er sjølve byggesøknaden til naustet som Bergen og Hordaland Turlag (BHT) skal leige frå Austrheim kommune som er tema i denne byggesøknaden. Austrheim kommune ser at det ikkje har kome noko merknad på det omsøkte naustbygget frå dykk. Det er difor naturleg å handsama byggesøknaden på dette naustet no, me har fått klare føringar at dette skal på plass formelt, då BHT treng naustet for oppbevaring av robåtar/kajakkar/utstyr til vinteren 2022/2023. Avdeling for plan, bygg, oppmåling og miljø skal vurdere søknaden og gjera det formelle vedtaket, avdeling teknisk drift står for den formelle søknaden.

Naustet som båtlaget skal disponera vert søkt i eiga sak når alt er på plass formelt i forhold til avtale med båtlaget. Dialog vil fortsetja der det er naudsynt/viktig for å få alle gode tiltak på plass i dette området.

Med vennleg helsing

Stian Marøy
Prosjektleder



Tlf.: 56 16 20 00 / 952 58 827
www.austrheim.kommune.no

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak-og arkivsystem.*

